



MULTICONSULT NORGE AS
Postboks 265 Skøyen
0213 OSLO

Kontakt saksbehandlar

Ida Eline Skålnes, 51568807

Fråsegn - reguleringsplan - Tysvær Bokn Kvitsøy - Gismarvik CO2 terminal Haugaland næringspark - røyrleidning permanent geologisk lagring offshore

Me viser til oversending frå Multiconsult Norge AS datert 16.03.2023.

Multiconsult har varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for CO₂-terminal på Haugaland næringspark med tilhøyrande røyrleidning i sjø. Føremålet med planarbeidet er å ta i mot og mellomlagre CO₂, før det transporterast i røyrleidning til permanent lagring offshore. Planarbeidet råker ved Tysvær, Bokn, Kvitsøy og Karmøy kommunar.

Tiltaket er vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Vår vurdering

Av planprogrammet går det fram at det er planlagt gjennomført relativt omfattande kartleggingar i samband med planarbeidet, både til sjøs og på land. Det blir opplyst om at tiltaket utløyser krav om konsekvensutgreiing. Statsforvaltaren støttar vurderingane som er gjort til no, og viser elles til våre tilbakemeldingar gitt i møter i forkant av varsel om oppstart. Blant anna må det takast omsyn til gyteperiode for fisk ved tiltak i sjø ved kaianlegget ved næringsparken.

Det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i samband med planarbeidet, og Statsforvaltaren er orientert om at det er gjennomført møter med direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB). Det er viktig at ROS-analysen vurderer risiko også for område utanfor sjølve planområdet, og eventuelle gjer greie for eventuelle avgrensingar for desse områda som oppstår på grunn av det planlagde tiltaket.

Statsforvaltaren tek atterhald om ytterlegare merknader når planen kjem på høyring.

Med helsing

Rune Lian (e.f.)
seniorrådgivar

Ida Eline Skålnes
rådgiver



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|--|--------------------------------|------|-----------|
| Rogaland fylkeskommune | Postboks 130 | 4001 | Stavanger |
| Karmøy kommune | Postboks 167 | 4291 | KOPERVIK |
| Kystverket | pb. 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Fiskeridirektoratet | Postboks 185 sentrum | 5804 | Bergen |
| Bokn kommune | Boknatun | 5561 | Bokn |
| NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) | Postboks 5091 | 0301 | OSLO |
| Kvitsøy kommune | Majorstua Kommunehusveien 6 | 4180 | Kvitsøy |